

Avtale om opphøyr av stilling mellom Sogndal kommune og Joakim Systaddal

1. Bakgrunn

Joakim Systaddal har i lag med Helle Selseng dei siste åra leia og drive fram eit omfattande endrings- og omstillingsarbeid i Sogndal kommune saman med partssamarbeidet på overordna nivå, på vegne av kommunedirektøren. Arbeidet har gjeve gode resultat og bidrege til at Sogndal kommune har forbetra tenestene til innbyggjarane, styrka samarbeidet internt og frigjort økonomisk handlingsrom til å vidareutvikle organisasjonen for framtida. Det har vore utvikla, implementert og teke i bruk verktøy som i dag vert nytta i heile organisasjonen sitt utviklingsarbeid. Arbeidet har hausta anerkjenning regionalt og nasjonalt som nybrottsarbeid i kommunesektoren spesielt, og offentleg sektor generelt.

Sidan september d.å. har formannskapet som arbeidsgjevarutval starta ein prosess som har som uttalt føremål å avslutte kommunedirektøren sitt arbeidsforhold. I same periode er det kome tilbakemeldingar frå politisk leiing, tilsette og innbyggjarar om at rolla som Joakim Systaddal og Helle Selseng har hatt i endrings- og omstillingsarbeidet vert sett på som direkte knytt til kommunedirektøren. Konfliktnivået mellom kommunedirektøren og ordføraren som har vore over tid har gjennom dei siste vekene tilspissa seg.

På bakgrunn av dette er partane samde om følgjande:

- a) Organisasjonen treng ro, og er ikkje tent med at konflikten rundt kommunedirektøren skal halde fram. Joakim Systaddal og Helle Selseng er så tett knytt til kommunedirektøren, at rolla som pådrivar for endrings- og utviklingsarbeidet må avviklast for å oppnå ro og bidra til at støyen rundt Sogndal kommune vert dempa. Det vert understreka at denne koplinga ikkje er knytt til konkrete handlingar, men baserer seg på ei «generell oppleving».
- b) Slik konfliktnivået mellom politisk leiing og administrasjonen og omtalen av enkelttilsette i Sogndal kommune har utvikla seg kan ikkje Sogndal kommune sikre Joakim Systaddal eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø. Endrings- og utviklingsarbeidet vil bli prega i negativ retning av Joakim Systaddal og Helle Selseng si tilknytting til kommunedirektøren og den negative omtalen av dei.
- c) Joakim Systaddal og Helle Selseng har opparbeida seg kunnskap og kompetanse som er viktig for Sogndal kommune å vidareføre. Det er av stor betydning at denne vert overført til relevante personar i Sogndal kommune på ein god måte, og at dette har høgste prioritet i perioden fram til 31.12.25

Arbeidstakar har halde seg profesjonelt til utfordringane, men partane har ikkje funne løysingar som gir utsikt til betring. Belastninga er ikkje berekraftig over tid og partane er difor samde om at det er hensiktsmessig å avslutte Joakim Systaddal sitt arbeidsforhold.

2. Studiepermisjon

Joakim Systaddal vert gjeven studiepermisjon frå si stilling i Sogndal kommune frå 01.01.2026 til 30.06.2026. I permisjonstida har Joakim Systaddal krav på ordinær lønn fram til opphøyrstidspunktet, 30.06.2026.

Lønn fram til opphøyrstidspunktet er berekningsgrunnlag for feriepengar. I permisjonstida opprettheld Joakim Systaddal sitt medlemsskap i kommunen si tenestepensjonsordning.

Joakim Systaddal mottok studiestønad på 1,5G. Joakim Systaddal er ansvarleg for at studiestøtta blir skattlagt om dette er skattepliktig inntekt.

I perioden frå avtale er signert og fram til 31.12.25 skal det prioriterast å dokumentere og overføre kunnskap og kompetanse som er relevant for Sogndal kommune sitt vidare arbeid etter nærare avtale med arbeidsgjevar. Joakim Systaddal er fritaken for arbeidsrett- og plikt 01.01.26 – 30.06.26.

3. Opphøyr av arbeidsforholdet og sluttoppgjer

Joakim Systaddal sitt tilsetjingsforhold i kommunen varar fram til og med 30.06.2026 og opphøyrer frå dette tidspunktet utan ytterlegare varsel eller oppseiing frå nokon av partane. Dersom arbeidstakar får anna inntektsgivande arbeid, skal dette ikkje komme til frådrag i dei ytingar som er avtalt. Systaddal skal ha alle sine tilgangar fram til 30.06.2026. Etter 31.12.2025 står Joakim Systaddal fritt til å ta anna arbeid utan at det påverkar arbeidstakar sine rettar etter avtalen. Arbeidsgjevar står tilsvarande fritt til å rekruttere ein erstattar for arbeidstakar.


Joakim Systaddal blir meldt ut av Arbeidstakarregisteret og kollektive ordningar dei er tilslutta i kraft av tilsetjingsforholdet med verknad frå opphøyrstidspunktet 30.06.26.

Joakim Systaddal beheld telefon og pc som sitt eige etter opphøyrstidspunktet grunna alder på utstyret. Tilgangar til system, nøklar, og ev. anna utstyr som tilhøyrer Sogndal kommune (forutan pc og telefon) skal leverast seinast innan 30.06.26.

Opptente feriepengar og sluttoppgjer blir utbetalt i juli 2026.


Sogndal kommune gir Joakim Systaddal attest i samsvar med etablert praksis i Sogndal kommune.

Sogndal, 16.10.25



For Sogndal kommune

Kommunedirektør



Joakim Systaddal